Uskedalen Brygge fint opplyst

22.09.2010

Uskedalen Brygge har etter kvart vorte eit vakkert bustadkompleks som tek seg særleg godt ut sett frå Beinavikjo om kvelden.

Ikkje minst skjedde det noko viktig i så måte her om dagen då 10 kraftige lys langs kaia vart kopla inn.

Dei er finansiert av byggherren og kvar enkelt bebuar i samarbeid, fortel leiar Marit Hjønnevåg.
Dei har også fått spot-lys på informasjonsskiltet som er montert før inne i området.

Det eine biletet er teke når det tar til å bli mørkt og det andre noko seinare på kvelden.

(Foto: Ola Matti Mathisen)